

Kvinnherad kommune  
v/ordfører Peder Sjo Slettebø

## SPØRSMÅL – KOMMUNESTYREMØTE 29. AUGUST 2019

På vegne av Miljøpartiet Dei Grøne vil eg stilla følgjande to spørsmål i kommunestyremøtet 29. august:

1. I samband med saka om framtidig middagsproduksjon ved institusjonane i Kvinnherad som vart handsama i Kvinnherad kommunestyre 22. juni 2016, fekk Miljøpartiet Dei Grøne kommunestyret med på følgjande tilleggspunkt:

«Rådmannen får i oppdrag å snarast utarbeida framlegg til ein mat- og måltidspolitik som sikrar alle på sjukeheimane ei god matomsorg. Dette omfattar også plan for tilbakeføring av matproduksjonen til alle sjukeheimane i kommunen».

Lite eller ingenting har skjedd i saka, og vi etterlyser no ei oppfølging frå ordfører og kommunedirektør. Vi har tidlegare stilt spørsmål om saka, men det skjer lite. For Miljøpartiet Dei Grøne er svaret enkelt; maten som vert servert på sjukeheimane i kommunen skal vera nykøkt, smaksrik, næringsrik og sunn. Det skal lukta nykøkt middag rundt matbordet, og måltida skal vera eit av dei daglege høgdepunkta for bebuarane.

2. Kvinnherad kommune sin Klima- og energiplan er utdatert, og krev ein snarleg revisjon. Klimaendringane blir meir og meir tydelege, og det må gjerast omfattande tiltak i alle norske kommunar for nå nasjonale og internasjonale klimamål. I lys av dette treng kommunen vår ein offensiv klimapolitikk med eit eige klimabudsjett, og gode verktøy for å nå klimamåla.

Kva vil ordføraren gjera for å få på plass ein offensiv klimapolitikk i Kvinnherad, og kva er status når det gjeld revisjon av den eksisterande/utdaterte Klima- og energiplanen frå 2011.

Uskedalen,

Med venleg helsing  
Jostein Saghaug